

## Søknader tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar- ekstramidlar 2021

Nr	Søkjar	Komm.	Prosjektnamn	Om tiltaket	Ord nr	Totalutg.	Søkn.sum	Tilråding	Grunngjeving
1	Fjaler kommune	Fjaler	Samvirket	Samvirket var tidlegare eit butikklokale (Coop) som Fjaler kommune overtok tidleg 2018. Det vart kjøpt inn som møteplass og produksjonslokale for kunst. Ein har prøvd ut lokalet gjennom dese åra og no må ein få til ei bruksendring frå næringslokale til forsamlingslokale. PreForm har gjort investeringar på ca 1,3 mill knytt til scene, lysrigg og publikumsarena til ca 150. Det er også bygd to lydstudio til produksjon av radio, radioteater, podcast, musikk.	Ordnær	15 313 750	5 000 000	Avslag	Samvirket er eit kulturhus som rommar ulike funksjonar, som møteplass, produksjonslokale for kunst og forsamlingslokale. Kulturhuset har potensiale som ein viktig regional arena for kreative utøvarar i distrikta innan det frie kunst- og kulturfeltet. Fjaler kommune søkte ordninga første gong våren 2021 og vart av KULII prioritert som nr. 8 ved budsjett 2022, og er derfor tilrådd avslag.

2	Grieghallen Utbygging AS	Bergen	Griegkvartal	t	Griegkvartalet skal være for alt og for alle. Griegkvartalet som samlende møteplass for Bergen og Vestland skal være attraktiv og tilgjengelig fra morgen til kveld for et stort og bredt sammensatt publikum, så vel fastboende som tilreisende fra regionen, og skal styrke Vestland som turistdestinasjon. Med introduksjonen av Musikkteateret skal Griegkvartalet bli en unik kulturarena bestående av Grieghallen med Griegsalen og Peer Gynt Salen, Musikkteateret, Nygård skole og Edvard Griegs plass. Arenaklyngen Griegkvartalet skal dekke et bredt spekter av arrangement som komplementerer andre eksisterende kulturarenaer i regionen.	O r d i n æ r	7 250 000	1 000 000	Avslag	Grieghallen Utbygging AS søker om midlar til arbeidet med planprogram, reguleringsplan, prosjekt- og designkonkurranse 2021. Det vart også søkt om midlar til prosjektet våren 2021, og då vart ikkje søknaden godkjent grunna innsending etter frist og manglende vedlegg til søknaden. Gjennom tilskotsordninga er det stilt krav om vedlegg som skal følgje søknaden, m.a. teikningar, vedtekter og plan for bruk, drift og forvaltning av eigedomen. Søkjar har ikkje lagt ved dette, og fylkesdirektør tilrår at søknaden blir avslått.
---	--------------------------	--------	--------------	---	--	---------------------------------	-----------	-----------	--------	--

3	Museumssenteret i Hordaland	Bergen	Tekstilindustrimuseet	I februar 2021 vart det avdekkja store mengder asbest i det freda fabrikkanlegget. Og delar av vart umiddelbart stengt for publikum og tilsette. Etter dette er det gjennomført ei omfattande miljøkartlegging i dette området og resten av fabrikken. Museet har allereie gjennomført grunnleggande tiltak for sikring av lokala, og søker støtte til gjennomføringa av asbestsaneringa. Som følgje av asbestfunnet er vi no i ein prekær situasjon og det hastar med å få sanert asbesten og få finansiering på plass. Vi har fått dispensasjon frå fredingsvedtaket til å gjennomføre saneringa.	Straks til tak	1 881 000	860 000	860 000	Museumssenteret i Hordaland søker om midlar til asbestsanering og sikring ved Tekstilindustrimuseet. Fylkesdirektør tilrår at tiltaket blir støtta med midlar som er sett av til strakstiltak i ordninga.
---	-----------------------------	--------	-----------------------	---	----------------	-----------	---------	---------	---

4	Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industriadmuseum	Ullensvang	Lindehuset	<p>Lindehuset vil bli ein allsidig kulturarena som møter ei mengd ulike behov, med fasilitetar som eit regionsenter skal ha, i følge fylkeskommunen sitt planverk.</p> <p>Lindehuset blir ein ny, sentral møteplass for kulturlivet i vid omkrins. Bygget vil innfri etterspørsel som finst lokalt, regionalt og nasjonalt. Eit hovudgrep er å ha ein fleksibel bruk av areala, med stor utnyttingsgrad.</p> <p>Vesentleg i prosjektet at ein tar vare på eit kulturhistorisk svært viktig bygg, ved vern gjennom bruk.</p> <p>Bygget representerer internasjonal industrihistorie. Store deler av det historiske anlegget er intakt.</p> <p>Lindehuset har høge arkitektoniske kvalitetar, og er med i Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for teknisk-industrielle kulturminne.</p>	O r d i n æ r	93 512 028	10 700 000	2 100 000	<p>Lindehuset vil bli ein allsidig regional kulturarena i kulturhistoriske rammer.</p> <p>Lindehuset har tidlegare fått støtte frå Hordaland fylkeskommune på til saman 6,3 mill. kr, og fylkesdirektør tilrår derfor at Vestland fylkeskommune blir med i den vidare finansieringa av tiltaket.</p> <p>Kraftmuseet søkte ordninga første gong våren 2021 og vart av KULII prioritert som nr. 3 ved budsjett 2022.</p> <p>Fylkesdirektør tilrår at tiltaket blir støtta.</p>
---	--	------------	------------	--	---------------------------------	------------	------------	-----------	--

5	M12 Gruppen AS	Øygarden	Kulturterminalen	M12 Gruppen AS ervervet i 2019 to store verkstedhaller i Øygarden kommune som nå er under ombygging. For å tilrettelegge fasilitetene til produksjon av scenekunst og film, er det behov for å gjennomføre større akustiske tiltak. Med tilskudd fra Kulturrom er det utarbeidet en rapport som beskriver behov og løsninger. Denne er vedlagt søknaden. I Fase 1A, (denne søknad) planlegges det akustisk isolering og justering av etterklangstid i Hall A, forsterkning av takkonstruksjon for installasjon av tekniske innretninger og anskaffelse av basis infrastruktur. I senere faser vil det gjøres tilsvarende tiltak i Hall B, oppgraderinger av støttearealer for artister og senere etableres fasiliteter for å kunne tilby residency for arenaens brukere.	O r d i n æ r	6 149 381	1 600 000	Avslag	Kulturterminalen i Øygarden vil kunne vorte ein ny, stor arena for produksjon av scenekunst, film og tverrfaglege kunstprosjekt. Tiltaket har både regional, nasjonal og internasjonal interesse. Fylkesdirektør ser tiltaket som ein nyskapande og viktig arena for å kunne utvikle spesielt scenekunst- og filmfeltet i regionen. M12-gruppen søkte om tilskot i ordninga første gongen våren 2021, og tiltaket vart av KULII prioritert som nr. 7 ved budsjett 2022, og fylkesdirektør tilrår derfor avslag.
---	----------------	----------	------------------	--	---------------------------------	-----------	-----------	--------	---

6	Moster Amfi -og kyrkjehistoriske senter	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	Moster står no framfor sitt andre riksjubileum – Moster 2024. Vestland fylkeskommune og Bømlo kommune har etablert selskapet Moster 2024 AS. Dette selskapet har som oppgåve å planlegga og gjennomføra 1000- års jubileet i 2024. Moster Amfi – og kyrkjehistoriske senter er staden for jubileumshelga 31.mai – 2.juni i 2024. Eit mål med riksjubileet i 2024 er å skapa drøftingar i skule og samfunn om vårt verdigrunnlag i den brytningstida me lever i. Samstundes skal jubileet bli eit varig løft for å synleggjera den nasjonsbyggjande historia som ligg her. Det er ein naturleg ambisjon for styret i Moster Amfi og kyrkjehistoriske Senter (MA) å påta seg eit nasjonalt ansvar for den historiske arven på Moster etter jubileet i 2024.sjå vedlegg	O r d i n æ r	49 900 000	10 000 000	Avslag	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter har mål om å oppgradere anlegget fram mot riksjubileet 2024. Det vart hausten 2020 gjort ei tilstandsvurdering av anlegget, som avdekkja mange manglar på eigedomen. Fylkesdirektør ser at det er stort behov for oppgradering av dagens anlegg. Det vart søkt om midlar til tiltaket første gong våren 2021, og KULII prioriterte tiltaket som nr. 6 ved budsjett 2022. Fylkesdirektør tilråderfor avslag.
---	---	-------	--	--	---------------------------------	------------	------------	--------	--

7	Moster Amfi -og kyrkjehistoriske senter	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	<p>Denne søknaden gjeld finansiering av nytt ventilasjonsanlegg og nytt toalettanlegg.</p> <p>Ventilasjonsanlegg</p> <p>Ventilasjonsanlegget er fra 1995 og oppfyller ikke krava til standard for ventilasjon. Dette gjeld både i høve arbeidsmiljø for dei tilsette, men også for gjester i anlegget.</p> <p>Det er montert nytt kjøkken i Amfikafeen. Det gamle tilfredsstilte ikke krava frå Mattilsynet, som igjen førte til at det ikke kunne produserast mat til gjester. Det kan gjerast no, men dette set og krav til ventilasjon.</p> <p>Toalettanlegg</p> <p>Fleire av toaletta i anlegget er øydelagde. Alle toaletta er utdaterte og lite funksjonelle.</p> <p>Handikaptoalettet er ikke godt nok universelt utforma og gjer det vanskeleg for rullestolbrukarar å nytta. Sjå vedlegg.</p>	S t r a k s t i l t a k	1 591 000	750 000	750 000	<p>Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter søker om midlar til nytt ventilasjonsanlegg og toalettanlegg, for å betre arbeidsmiljøet for tilsette og gjere senteret betre lagt til rette for gjestar. Senteret førebur riksjubileet 2024, og desse to tiltaka er det nødvendig å gjennomføre straks. Det vart hausten 2020 gjort ei tilstandsvurdering av anlegget, som avdekkja mange manglar på eigedomen. Fylkesdirektør ser at det er stort behov for oppgradering av dagens anlegg, og tilrår at tiltaket blir støtt med midlar til strakstiltak i ordninga.</p>
---	---	-------	--	--	--	-----------	---------	---------	---

8	Sunnhordland museum	Stord	"Nye Sunnhordlandstunet"	Det er eit prekært behov for rehabilitering og fornying av administrasjons og publikumsbygget til Sunnhordland museum. Dette for å kunna møta besøkjande med dagens standard for offentlege bygg. Museet har ikkje eit tilbod som svarar til krava om universell utforming, til dømes har ikkje rullestolbrukarar og bevegelseshemma tilfredssillande tilgang til museet. Bygget har over tid vore utsett for vasslekkasjar, både gjennom taket inn i kontor og utsillingalokale og gjennom grunnmur og inn i magasinet. Dei gjentekne vasslekkasjane har medført skade på gjenstandar og därleg inneklima for gjenstandar, besøkjande og tilsette. Situasjonen vart vurdert som prekær av konservator og våre faglege rådgjevarar hos bevaringstenestene på MuHo.	O r d i n æ r	61 414 977	14 585 659	Avslag	Sunnhordland museum søker om midlar til å rehabilitera og fornye administrasjons- og publikumsbygget ved Sunnhordland museum. Kulturdepartementet har løyvd 13,2 mill. kr i midlar til prosjektet, med lovnad om 2 mill. kr ved seinare statsbudsjett. Hordaland fylkeskommune har i alt løyvd 5,886 mill. kr til prosjektet. Fylkesdirektør ser at det er stort behov for rehabilitering. Sunnhordland museum søkte om tilskot i ordninga første gongen hausten 2020. KULII prioriterte tiltaket som nr. 4 ved budsjett 2022., og fylkesdirektør tilrår derfor avslag på søknaden.
---	---------------------	-------	--------------------------	--	---------------------------------	------------	------------	--------	---

9	Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	I ei tid med omstillingss prosessar og konfliktar knytt til bruk og vern av dei gamle industriområda i Odda, har litteraturen vist seg å ha ein samlande og identitetsskapande funksjon i samfunnet. Initiativet til eit litteraturhus i Odda er ei vidareføring av litteratursatsinga i Odda dei siste 15 åra, med Litteratursymposiet i Odda som motor. Stiftinga fekk hand om det gamle garderobehuset på Smelteverket etter nedlegginga, og vart etablert i 2011. Første byggjetrinn var det året, seinare kom det heis på plass i huset. I 2016 starta vi prosjekt ferdigstilling, og har sakte, men sikker bygd rom for rom. No mangler siste trinn, med m.a. teknisk rom og ventilasjonsanlegg, som trengs for å få ferdigattest.	O r d i n æ r	6 400 000	600 000	Avslag	Sentralbadet litteraturhus samlar kultur- og historieinteresserte gjestar og er arena for ulike arrangement og aktørar frå regionen. Hordaland fylkeskommune har løyvd i alt 1,4 mill kr. til utvikling av litteraturhuset, gjennom tildelingar i 2012 og 2019. Vestland fylkeskommune har godkjent søknad om spelemidlar på 1,5 mill. kr til litteraturhuset, gjennom vedtak i KULII 8. september 2021. Fylkesdirektør tilrår derfor avslag i denne ordninga.
---	---------------------------------------	------------	----------------------------	--	---------------------------------	-----------	---------	--------	--

10	Stiftinga Hardanger og Voss museum	Kvam	Kulturnaustet	HFS sine aktivitetar er spreidde i fleire mindre bygg. Museet kjøpte i 2016 naboeigedom med eit næringsbygg (1000 m <sup>2</sup> ) som ekspansjonsareal. HFS har utvikla planen «Tett på» for nødvendig utvikling av bygg og uteområde. «Kulturnaustet» er største delprosjekt i «Tett på». Det gjeld ombygging av næringsbygget til eit funksjonelt, universelt utforma publikumsbygg med formidling, filmsal, resepsjon og butikk mv. i 1. høgd. I 2. høgd kontor, undervisningslokale og bibliotek. Det betrar besøks- og undervisningsforholda, gir ei meir rasjonell drift og betrar arbeidsforholda. Det frigjev areal til verkstader med tradisjonshandverk og opplæring, er framtidsretta, betrar logistikk og tilpassar HFS til dagens krav og brukarar. Er klar til rammeløyve.	O r d i n æ r	58 834 311	9 300 000	9 300 000	Fylkesdirektør ser Kulturnaustet som eit viktig tiltak for å utvikle aktiviteten ved Hardanger Fartøyvernssenter. Kulturdepartementet har gjennom museumsmeldinga slått fast at investeringssøknader som kan løfte kystkulturen si historie vil bli prioritert. Hardanger fartøyvernssenter fekk innvilga støtte på 5 mill. kr for statsbudsjettet 2022, med tilsegn om ytterlegare 33 mill. kr ved seinare budsjett. Hordaland fylkeskommune har tidlegare støttet tiltaket. Stiftinga Hardanger og Voss museum søkte om tilskot i ordninga første gongen hausten 2020. KULII prioriterte tiltaket som nr. 1 ved budsjett 2022. Fylkesdirektør tilråt at søknaden får tilskot.
----	------------------------------------	------	---------------	---	---------------------------------	------------	-----------	-----------	---

11	Austevoll kommune	Austevo II	Kultursal Selbjørn Skule	Ombygging av elevaula til kultursal ved Selbjørn skule. (Kommunen søkte om spelemidlar til tiltaket våren 2021, og opplysingane om søknaden er henta frå denne søknaden.)	O r d i n æ r	3 421 875	1 141 000	Avslag	Austevoll kommune søker om tilskot til kultursal ved Selbjørn skule. Det er søkt om midlar til det same tiltaket via spelemidlar for 2021. Fylkesdirektør vurderer tiltaket til å vere lokalt, og til å falle utanfor føremålet i tilskotsordninga, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.
12	Stiftinga Hardanger og Voss museum	Kvam	Ingebrignt Vik Museum	Krav om universell tilgjenge gjer det naudsynt å legge betre til rette for eit større mangfald i publikum. I første hand vil me etablere ein ny inngang med enklare tilkomst. Døra som vender mot parken og Kunsthuset Kabuso skal få ei rampe med fast skiferdekke og elektrifisert dørspnar som vil gje betre tilgjenge til museet. Med dette grepet får museet ny hovudinngang, som òg skal utstyrras med ein disk tilrettelagt for rullestolbrukarar. Golvet inne i det gamle bygget er no dekka av teppefliser, dei er slitt og vanskeleg å halde støvfri. Der har me vald linoleum, eit slitesterkt belegg som er lett å halde reint og høver godt med den historiske konteksten. Formidlinga skal i øg verte breiare tilgjengeleg digitalt med lydfiler.	O r d i n æ r	566 465	200 000	Avslag	Stiftinga Hardanger og Voss museum søker om tilskot for å leggje betre til rette for publikum ved Ingebrignt Vik Museum i Øystese. Det er første gong det blir søkt om tilskot til tiltaket via denne ordninga, og fylkesdirektør tilrår at søknaden blir avslått.

13	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbygg	Gamle Bergen Museum er et urbant friluftsmuseum. Museet formidler stedets, menneskenes og bygningenes historie med særlig vekt på de siste 300år. Bergens og Vestlandets historie er tett vevd sammen. Byen hadde fra 1850 en betydelig befolkningsvekst og svært mange kom tilflyttende fra det som i dag er Vestland. Nytt publikumsbygg sikrer helt nødvendig infrastruktur for Gamle Bergen, universell tilrettelegging og gir museet mulighet til helårsdrift. Gamle Bergen er det eneste friluftsmuseet i landet som fremdeles mangler dette. Dersom vi skal kunne ta en sentral rolle for formidling av Bergen og regionens historie, samt være en arena for frivillighet, mangfold og integrering må vi ha tilstrekkelig innendørs fasiliteter.	O r d i n æ r	85 000 000	10 000 000	Avslag	Stiftelsen Bymuseet i Bergen søker om tilskot til nytt publikumsbygg ved Gamle Bergen museum. Fylkesdirektør ser at nytt publikumsbygg vil gje museet eit løft og høve til heilårsdrift. Tiltaket er støtta med 21,3 mill. kr frå Kulturdepartementet, og museet har søkt om ekstraløyving frå departementet. Hordaland fylkeskommune har tidlegare støtta tiltaket med 5,55 mill. kr. Det vart søkt om tilskot i denne ordninga første gongen våren 2021, og KULII prioriterte søknaden som nr. 5 ved budsjett 2022. Fylkesdirektør tilrår derfor at søknaden blir avslått.
----	------------------------------	--------	-----------------------------------	---	---------------------------------	------------	------------	--------	--

14	KODE Kunstmuseer og komponisthjem	Bergen	KODE Edvard Grieg Museum Troldhaugen	Troldsalen er en av verdens vakreste konsertsaler. Her kan man oppleve kunstmusikk med utsikt over Griegs komponisthytte og den omliggende naturen. Salen har til tross for sin vakre utforming ikke god akustikk. Der har tidligere vært gjort forsøk på å utbedre dette uten hell. KODE har engasjert akustikkingeniører for å løse problemet. De har levert en utmerket rapport som peker på salens korte romklang og kommer med gode forslag til løsninger. Levende akustisk musikk trenger eksellente forhold. Utbedringen av akustikken er essensiell for at salen skal holde det høye kunstneriske nivået som den skal huse.	S t r a k s t i l t a k	669 000	223 000	Avslag	KODE søker om tilskot til utbetring av Troldsalen ved Edvard Grieg Museum Troldhaugen. Det er ikkje søkt om midlar til tiltaket frå denne ordninga tidlegare, og fylkesdirektør ser ikkje på utbetringsarbeidet som eit "strakstiltak". Søknaden blir derfor tilrådd avslag.
----	-----------------------------------	--------	--------------------------------------	---	--	---------	---------	--------	--

15	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Bergen	Bryggens Museum	Bryggens Museum har hatt ein teknisk standard som ikkje har vore oppgradert sidan 1976 med nokon unntak for påbygging av 4 etg i 1992. Taket er tekka på nytt, vindaugear er skifta i 3 og 4 etg og i trapperom/personalinngang. Me står nå midt i ein ombygging/oppgradering som me pr dags dato ikkje har budsjettmidler til å koma heilt i mål med. Nokon av dei viktigaste grepene som trengs for å modernisere magasinforhold, seminarrom, lyd og lys i auditoriet, forbetring av kontorer, utskifting av eldre slitt og løsna golv, mangler finansiering.	S t r a k s t i l t a k	4 367 867	4 367 867	1 990 000	Bryggens Museum er midt i ein moderniseringsfase, og søker om tilskot til å kome i mål med oppgraderingane ved museet. Tiltaket har fått støtte frå Hordaland og Vestland fylkeskommune på i alt 1 337 000 kr. Søknad har vore vurdert over Museumsløftordninga (PS sak 124/2021), men grunna avgrensa midlar vart det ikkje funne rom for å prioritere søknaden. Fylkesdirektør tilrår at tiltaket blir støtta med 390 000 kr av midlane som er sett av til strakstiltak og 1,6 mill. kr av midlane til ordinære tiltak.
----	------------------------------------	--------	--------------------	---	--	-----------	-----------	-----------	---

16	Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Friluftslivets hus	Prosjektet består av innkjøp og installering av heis for å sikre universell tilkomst til Friluftslivets hus, med utviding av inngangsparti og møterom, samt sørge for at huset får eit handikaptolett. Sjå teikningar og budsjett i vedlegg. Friluftslivets hus er eit senter for formidling av friluftslivskultur og -kompetanse i fylket vårt. Vi har besøk av om lag 35 000 besökande i Tursenteret i Friluftslivets hus i eit normal år (teller ved inngang). I tillegg kjem alle som er i kontakt på SoME, e-post og telefon, samt over nettsidene. Huset er også ein viktig møtestad for frivillige, både i BHT og dei andre natur- og friluftslivsorganisasjonane i fylket.	Strakstiltak	3 750 000	1 000 000	Avslag	Bergen og Hordaland Turlag søker om tilskot til universell tilrettlegging av Friluftslivets hus i Bergen. Tiltaket fell ikkje inn under føremålet i ordninga, som seier at ordninga skal bidra til utvikling av kulturygg og kulturarenaer. Fylkesdirektør vurderer Friluftslivets hus til å ikkje vere kulturygg eller kulturarena opp mot retningslinjene i ordninga, og tilrår derfor avslag.
17	Kode Kunstmuseer og komponisthjem	Bjørnafjorden	Ole Bulls villa på Lysøen	Bygget har forfalt i løpet av de siste 10 årene. Det kreves store ressurser til for å få renoveret bygget mot et evighetsperspektiv. Det er mye råte på kledning, stendere og bærende konstruksjoner, tårnet har begynt å sige, og blitt skjevt. Innvendig har vi problemer med skadeinsekt og mye fukt. Tilstandsvurdering og usikkerhetsanalyse viser til et vi står foran et omfattende renoveringsprosjekt	Strakstiltak	-	5 000 000	Avslag	KODE søker om tilskot til utbetring av Ole Bulls villa på Lysøen. Det er ikkje søkt om midlar til tiltaket frå denne ordninga tidlegare, og fylkesdirektør ser ikkje på utbetringsarbeidet som eit "strakstiltak". Søknaden blir derfor tilrådd avslag.

18	Museumssenteret i Hordaland og Stiftinga Lyngheisenteret	Alver	Naturrom Lygra - Lyngheisenteret	Vi vil fornya utstillinga med ein annleis og innovativ formidlingsarena. Noverande utstilling er 21 år og treng ei fornying. Arealbehovet har og endra seg. «Naturrom Lygra» har innovativ arkitektur med element frå fortid og framtid, er miljøvennleg og sjølvforsynt med straum og vatn. Det skal vise fortida si nøysemd, omattbruk og viser kurs mot framtida. Det både glir inn i landskapet og tek landskapet inn. «Naturrom Lygra» skal vera ope for besökande også utanom våre faste opningstider. Det skal romme kunnskap og informasjon og aktiv formidling i integrasjon med kulturlandskapet på Lygra. Målet for «Naturrom Lygra» er å løfta Lyngheisenteret som natur og kulturattraksjon, kunnskaps og opplevings arena lokalt, nasjonalt og internasjonalt.	O r d i n æ r	10 970 000	2 000 000	Avslag	Museumssenteret i Hordaland søker om midlar til Naturrom ved Lyngheisenteret i Lygra, som ein kunnskaps- og opplevingsarena. Det er ikkje søkt om midlar til tiltaket frå denne ordninga tidlegare, og fylkesdirektør tilrår at søknaden blir avslått.
----	--	-------	----------------------------------	--	---------------------------------	------------	-----------	--------	--

19	Sogndal Kommune	Sogndal	Sogndal Kulturhus	Søknaden gjeld ombygging av 380 m <sup>2</sup> i 2. etasje. Noko som vil gje netto auke i kulturreal. Tidlegare var dette kontor for NAV. Nokre av romma skal brukast av Sogndal opplæringssenter på dagtid, og på kveldstid til kulturføremål, som frivillige lag og for ferie og helge aktivitet for born og ungdom. Samstundes vil arealet gje oss eit kunstgalleri. Dette finst ikkje i Sogndal for augeblikket, og vil vera ei viktig tilvekst i kultursamanheng i regionen. Utstillingsprogrammet skal byggje på søknader. Galleriet vil òg nyttast til konsertseriar eller föredrag (60-80 publikumarar). Det at vaksen opplæringa flyttar opp, vil i tillegg frigjere rom i fyrste etasje, m.a. klubbscenen Blaoboxen, som då vil nyttast til kulturføremål 24/7.	O r d i n æ r	3 000 000	1 000 000	Avslag	Sogndal kommune søker om tilskot til ombygging av Sogndal kulturhus, til opplæringssenter og kunstgalleri. Det er ikkje søkt om midlar til tiltaket frå denne ordninga tidlegare, og fylkesdirektør tilrår at søknaden blir avslått.
----	-----------------	---------	-------------------	---	---------------------------------	-----------	-----------	--------	--

20	Stiftelsen kulturhuset USF	Bergen	USF Verftet	<p>Byrådet i Bergen har vedtatt at vår nabotomt/Kjødehallene skal anskaffes til kulturbruk. Som partner i prosjektet har vi laget en mulighetsstudie for trinnvis utvikling av eiendommen.</p> <p>Kommunen vil at deler av bygget skal tas i bruk snarest mulig, etter grunnleggende bygningsmessige tilrettelegginger for konserter og kunstutstillinger, og istandsetting av produksjonsrom for musikk- og filmprodusenter. Vi søker støtte til det. Dette er en satsning som trekker aktiviteten opp igjen i hele kulturfeltet etter korona. Ved rask start i Kjødehallene kan vi synliggjøre et trykk som vil generere mer aktivitet og øke handlingsrommet for kunstnere, arrangører og artister som trenger produksjonslokaler og scener.</p>	S t r a k s t i l t a k	2 239 126	746 524	Avslag	<p>Stiftelsen kulturhuset USF søker om tilskot til utvikling av nytt areal for formidling og produksjon av kunst og kultur. Det vart søkt om tilskot i ordninga også våren 2021, men søknaden vart ikkje godkjent då den mangla nødvendige vedlegg. Fylkesdirektør ser ikke på tiltaket som eit "strakstiltak", og søknaden blir derfor tilrådd avslag.</p>
----	----------------------------	--------	-------------	---	--	-----------	---------	--------	---

21	Kulturferryen AS	Bergen	MS Sjøscenen	Det jobbes med nye og spennende prosjekter, men det er også mange utfordringer med å optimalisere båten til et perfekt verktøy. I denne forbindelse så ser vi at publikumsfasilitetene om bord må endres. Dette med tanke på inntrykk og opplevelse, men også bedre utnyttelse, sikkerhet og ikke minst mere egnet for handikappete. Det vi ser må til er en hovedsal med nye seterekker som kan hurtig reguleres og endres, via skinnesystem som er nedfelt i gulvet. Da kan man enkelt tilrettelegge for fremføringer som eksempel teater, som gjerne krever større plass etc. Og for å kompensere gjesteplasser som man da kan miste, også for tiltenkte rullestol plasser, ser vi oss også nødt til å bygge en tribune med sitteplasser i bakre del av salen.	O r d i n æ r	891 350	297 117	Avslag	Kulturferryen AS søker om tilskot til utbetring av publikumsfasilitetene ved MS Sjøscenen. Søkjar er eit privat aksjeselskap. I følgje retningslinjene vert det ikkje opna for å gje tilskot til tiltak eller organisasjonar der føremålet er organisasjonen eller privatpersonar si eiga økonomiske vinning. Fylkesdirektør tilrår på bakgrunn av dette at søknaden blir avslått.
						417 122 130	80 371 167		15 000 000